

# KOMMUNEDELPLAN

## Buffersone Urnes verdsarvområde

### 2022-2033

### *Konsekvensvurdering for 12 delområde*



**1. gong offentlig ettersyn**  
**10.02. – 28.03.2023**

**Plan-ID 2023001**

**Innhold:**

<b>Inndeling – delområde .....</b>	<b>3</b>
<b>Område nr 1, Ornes .....</b>	<b>5</b>
<b>Delområde nr 2 Kvanngjelane - Tausasva – Persgjel .....</b>	<b>11</b>
<b>Delområde nr 3, Loi - Kroken, .....</b>	<b>13</b>
<b>Delområde nr 4 Kinsedalen .....</b>	<b>17</b>
<b>Delområde nr 5, Solvorn .....</b>	<b>21</b>
<b>Delområde nr 6 Mollandsmarki – busetnad og landbruk .....</b>	<b>26</b>
<b>Delområde nr 7, Fjorden 1 .....</b>	<b>29</b>
<b>Område nr 8 Kinsedalen – Kvarven, Fjordlier .....</b>	<b>32</b>
<b>Område nr 9 Krokadalen, Tisedalshøgdi og Marheimsholten, .....</b>	<b>35</b>
<b>Delområde nr 10, Haugmelen – Molden, fjell og fjordlier .....</b>	<b>41</b>
<b>Delområde 11, Nes .....</b>	<b>44</b>
<b>Delområde nr 12, Fjorden 2 .....</b>	<b>46</b>

## Inndeling – delområde

### Avgrensing buffersona:

Buffersona er avgrensa ut frå fylgjande kriterium:


1. den historiske tilknytninga til gardsvaldet – dvs den historiske garden Ornes
2. Det synlege landskapsrommet sett frå verdsarvminnet
3. Område med historisk, kulturell og funksjonell tilknytning til verdsarvstaden

Buffersona er delt inn i 12 delområde. Dette er gjort med bakgrunn i:

1. Nærheit til verdsarvminnet
2. Grad av kulturpåverknad
3. Busetnad, kulturlandskap og utmarksområde som anten er synlege frå Ornes eller har historisk tilknytning til verdsarvminnet

Dei 12 delområda er så delt på 3 soner ut frå desse kriteria:

Sone	Kriterium	
<b>Nærsonen 1</b>	Nærområdet til Ornes stavkyrkje – dvs heile neset og det historisk nære gardsområdet med strandlinje	
<b>Nærsonen 2</b>	Sone med særleg omsyn til busetnad, bygningsvern, kulturlandskap og landskapsform	
<b>Fjernsonen 1</b>	Busetnad og kulturlandskap som er synleg frå verdsarven. Sone med særleg omsyn til landskapsformer og som har historisk tilknytning til gardsvaldet Ornes eller som er synleg frå verdsarvminnet	



Figur 1 Kart over 12 delområde og soner i buffersona.

Delområde nr	Namn på området	Type område	Sone-område	Tilknytning
1	<b>Ornes</b>	Nærområdet til verdsarvminnet og kjerneområde for den historiske garden	Nærsone 1	Verdsarvområdet og det nære området til verdsarven
2	<b>Kvanngjelane - Tausasva – Persgjel</b>	Utmark	Nærsone 2	Omkransar innmarksområdet på Ornes
3	<b>Kroken – Loi – busetnad - landbruk</b>	Gardsområde / innmark	Nærsone 2	Historisk tilknytning
4	<b>Kinsedal – busetnad – landbruk</b>	Gardsbruk / innmark med småbruk	Nærsone 2	Historisk tilknytning
5	<b>Solvorn – busetnad – landbruk</b>	Bygd og landbruksområde – “inngangsportal” til verdsarven	Nærsone 2	I synsbiletet, høg grad av kulturpåverknad og nærheit til verdsarvminnet
6	<b>Mollandsmarki – busetnad og landbruk</b>	Gardsområde / innmark	Nærsone 2	I synsbiletet og høg grad av kulturpåverknad
7	<b>Fjorden 1</b>	Fjorden som ferdselsåre	Nærsone 2	Landskapsrommet, ferdsel. Samanbindinga mellom Ornes og solvorn.
8	<b>Fjordliene Kinsedal - Kvarven</b>	Utmarksområde med skog	Fjernsone	Historiske tilknytning
9	<b>Krokadalen – Tisedalshøgdi - Marheimsholten</b>	Utmarksområde	Fjernsone	Historisk tilknytning – utmark i gardsvaldet
10	<b>Fjell og fjordlier Haugmelen – Molden</b>	Utmark	Fjernsone	I synsbiletet
11	<b>Nes</b>	Gardsområde – busetnad	Fjernsone	I synsbiletet og høg grad av kulturpåverknad
12	<b>Fjorden 2</b>	Fjorden som ferdselsåre	Fjernsone	I synsbiletet og historisk tilknytning

Dei 12 delområda er fordelt på tre soner.

## Område nr 1, Ornes

**Framlegg til nytt arealføremål:** Reguleringsplan Ornes og LNF-nærzone 1

**Gjeldande arealføremål:** Reguleringsplan Ornes og LNF-område

**Noverande bruk av området:** busetnad, jordbruksdrift og reiseliv

**Areal:** 1,2 km<sup>2</sup>

**Skildring av området:**

Historisk bruk av området:

I hovudsak eit aktivt landbruksområde. Produksjonen har tidlegare vore allsidig, medan den i dag er i hovudsak basert på bær- og fruktdyrking og noko husdyrhald. Tidlegare var fjorden hovudferdselsåre i tillegg til ferdsevegvar over mot Årdal.



Ornes – sett frå vest



Skravert felt og område kring kyrkja og kaien er regulert område





### Verdien av området knytt til verneverdiene og bruksinteressene

Miljø- og samfunnsverdiar	Lokal	Regional	Nasjonal	Merknad:
Landbruk			3	Landbruket er avgjerande for å oppretthalda arbeidsplassar, sikra busetjing og halda kulturlandskapet i hevd. Auka beiting i innmarksnære område for å redusera evt fare for skogbrann.
Kulturminne-/ landskap			3	Ornes er eit stort og framstikkande nes i Lustrafjorden. Terrenget stig regelmessig opp mot ei flate kor Ornes stavkyrkje og hovudtyngda av gardsbusetnaden ligg. Frå denne flata stig terrenget bratt opp til om lag 930 moh til fjellet i Tausasva. Den busette delen av neset har ein mosaikk av aktive innmarksområde med produksjon av gras, bær og frukt, busetnad og skogkledd utmark. Ser ein neset frå nord ser det mest skogkledd ut, frå vest og sør trer mosaikken i arealbruken fram. Busetnaden ligg på dei flate partia, og på vest og sørsida av neset. Det er større og mindre gardsbruk med innmark rundt. I tillegg er det einstilte hus og hytter langs vegen til Øvre Ornes og mellom vegen og fjorden på sørsida av neset. Lengst mot søraust er Ornes båtbyggeri etablert med hall for bygging av båtar. Det er visuell kontakt med Ornes frå fjorden, frå ferdslveggar og bygder langs fjorden. Den visuelle kontakten med Ornes er spesielt god frå Solvorn. Elles har ein kontakt med Ornes på delar av strekninga frå Nes og litt forbi Luster, frå Kroken og på delar av strekninga frå Fodnes mot Årdal. Delar av fjellområda rundt fjorden har og god kontakt mot Ornes. (frå Fagrapport AN 2009). Med omsyn til stavkyrkja er dette eit småskala landskap som er sårbart for inngrep.
Naturverdiar	1			Liten del av bjørkehage naturtype-id BN00016535 ligg i området
Rekreasjon/ friluftsliv			3	For mange utalands besøkjande har turen frå kaien og opp til kyrkja svært høg rekreasjonsverdi. Fleire turveggar på Ornes er skilta siste året og det er under tilrettelegging ei aktivitetsløype retta mot dei yngre
Strandsone / vassdrag	1			Strondi på Ornes har i dag størst verdi for fastbuande i form av bading og bruk av båt/naust. Strondi har i tillegg ein høg visuell verdi for tilreisande.

### Omfang av endringar og vurdering av konsekvensar ved sikring av ei verdsarv-buffersone

Tema	Omfang av endring	Konsekvens	Kommentarar:
<b>Miljø:</b>			
Landbruk	-1/ +1	-1	Auka besøk i verdsarven kan føra til auka tråkk i bær- og frukthagar som ligg langs med vegane, evt også auka forsøpling. Evt utviding av veg frå kaien til tunet kan redusera tal daa dyrka mark, men ved styrka tilrettelegging kan det også føra til auka lokal omsetning av frukt- og bærprodukt.
Kulturminne og kulturmiljø	0	-1	Auka besøk i verdsarven kan føra til press på kulturminna og kulturmiljø. Kan førebyggjast med styrka tilrettelegging og informasjon for tilreisande.
Landskap	0	0	Buffersoneplan kan ha lite innverknad på forvaltning av landskapet. Reguleringsplan er førande for arealforvaltninga.
Naturmangfald	0	0	Buffersona vil ikkje ha innverknad på naturtype-lokalitet.
Friluftsliv og folkehelse	+1	+1	Auka tilrettelegging for tur-/ferdselsveggar for alle aldrar, aktivitetsløype for barn
Strandsone – vassdrag og fjord	0	0	Buffersona vil ikkje ha direkte innverknad på strandsona. På sikt vil det vera aktuelt med oppgradering av kaiområdet.

Reiseliv og oppleving	+2	+2	Auka fokus på verdsarven vil stimulera til auka merksemd og fleire besøkjande og skapa eit betre næringsgrunnlag i regionen. Kan gje begrensingar på auka
<b>Landskapsinngrep:</b>	0	0	Ingen planlagde tiltak i strandsona
Kraftliner, vindmøller, gruvedrift etc	0	0	Evt løyve til slike tiltak ligg til overordna fagmyndigheiter, og ein buffersonenplan er ikkje styrande for desse tiltaka. Men den kan gje råd.

#### Tilhøyrande verdiar i delområdet:

##### Støttande verdiar:

- Tunområdet
- Utstå
- Innstå
- Naustområde med vorrar
- Omkringliggjande dyrka mark og slåtteteigar??

##### Stiar:

- stølsvegen til Nystølen
- Gamle vegfar mellom sjøen og kyrkja (Holveg – forbi Høgestein og opp til tunet)

##### Gravhaugar:

- Ragnvaldshaugen
- Skiphaug

##### Bautastein:

- Høgestein

##### Viktige element:

- Skulehuset
- Bedehuset
- Kaien
- Solberg – Sveitserhuset
- Nedre Bugge
- Bjerkneshytta

#### **Samla vurdering:**

Delområde 1 Ornes er i stor grad identisk med grensene for reguleringsplan Ornes. I tillegg er området som omfattar båtbyggeriet teke med. Reguleringsplanen skal framleis gjelda og det kan *ikkje setjast vilkår* som er i strid med reguleringsplanen sine føremål og føresegner. Derimot kan det fastsetjast retningslinjer for forvaltning av området.

Reguleringsplan for Ornes vart fyrste gong vedteken 10.05.1995. Reguleringsplanen har svakheiter jfr dei føringar som i dag vert gjeve for nye reguleringsplanar. Regionale og nasjonale forvaltningsmynde hadde ikkje innvendingar til planen slik den var utforma på 1990-talet.

Sett frå både private og offentlege interesser bør difor reguleringsplanen for Ornes reviderast og oppdaterast etter gjeldande krav.

Endringar i reguleringsplan: område i krysset mellom vegen til Kinsedalen og vegen opp til tunet er omregulert til verdsarvsenter. Luster kommune har i KPA fastsett at eit område i Bakkane skal omregulert til bustadføremål. Jfr planleggingsprogrammet skal arbeidet startast opp når buffersonenplan er vedteken. For Ornes er det m.a. utarbeidd skjøtselsplan som gjev føringar for skjøtsel av kulturlandskapet. Store delar av området er regulert til kulturlandskap – landbruk.



Reguleringsplanen må vektleggja trafikale løysingar i tunet som er i samsvar med Statens vegvesen si håndbok for Veg og gateutforming -N100.

Landskapsendringar:

Landskapet på Ornes har dei siste 10-åra vorte gradvis endra som fylgje av dei strukturelle endringane i landbruket og samfunnsendringar generelt. Nedgang i husdyrhaldet påverkar landskapet sterkt i form at attgroing. Opne område er i ferd med å gro att og i «gresne» område vert det tettare og tettare. Det eine i dette er det visuelle og det andre er at kyrkja vert «lukka inne» i ein skog. Skogen hindrar lufstrøyming og med auka nedbørmengder og eit varmare klima kan dette føra til høgare luftfuktigheit kring kyrkja. Dette kan på sikt verta ei utfordring.

I område som er regulert til landbruk, kan det t.d. førast opp bygningar som har direkte tilknytning til landbruket og basert på garden sitt ressursgrunnlag.

**Konklusjon:**


1. Reguleringsplan for Ornes er førande for arealforvaltninga på Ornes.
2. Fylgjande plandokument skal vera rettleiande for forvaltning av delområde 1:
  - Skjøtselplan Ornes
  - Forvaltningsplan for Ornes
  - Besøksforvaltningsplan for Ornes stavkyrkje
  - Trafikkanalyse for Ornes
3. Reguleringsplan for Ornes bør reviderast og oppdaterast

Retningslinje:


1. Innafor nærsone 1 bør det ikkje gjevast løyve til tiltak som massetak, gruvedrift, kraftoverføringslinjer og andre store tiltak / anlegg som dominerer landskapet eller endrar horisontlinjene.
2. I område som er regulert til landbruk, kan det t.d. førast opp bygningar som har direkte tilknytning til landbruket og er basert på garden sitt ressursgrunnlag.




Over / Under: Flyfoto frå Ornes 1964 / 3D-bilde



Ornes sett frå aust



Ornes – sett frå nord



Ornes – sett frå sør

## Delområde nr 2 Kvanngjelane - Tausasva – Persgjel

**Framlegg til nytt arealføremål:** LNF-omsynssone – Nærzone 2

**Gjeldande arealføremål:** LNF


**Noverande bruk av området:** utmarksområde – noko beite og skog

**Areal** 6,4 km<sup>2</sup>

**Skildring av området:** brattlendt li overfor gardane og busetnaden på Ornes

**Historisk bruk av området:** har historisk vore eit viktig ressursområde for utnytting av viktige utmarksområde for Ornes med slåtteteigar, beite, lauving og vedaskog og til dels intensivt utnytta.

Var tidlegare som fylgje av ressursutnyttinga eit meir ope område. I dag er det prega av mykje lauvskog etter at den aktive bruken av området ned gjekk ned på 1970-talet.



3-D foto – området ligg delvis i skugge  
**Verdien av området knytt til verneverdiane og bruksinteressene**

Miljø- og samfunnsverdiar	Lokal	Regional	Nasjonal	Merknad:
Landbruk	3			Slåteteigar, beite, lauving og vedaskog. Stølsveg til Nystølen
Kulturminne-/ landskap			3	Støls- og ferdavegen frå Ornes til Nystølen og retning Årdal snor seg oppover den bratte lia. Ingen registrerte lokalitetar eller SEFRAK. Storslått landskap som rammar inn Ornes når ein ser bygda frå fjordsida. Segner knytt til bruk av område; Signy-salen.
Naturverdiar	2			Ingen registrerte lokalitetar
Rekreasjon/ friluftsliv		2		Stølsvegen er mykje nytta av dei som bur / har tilknytning til Ornes. Fleire små vegar m.a. til Signysalen.
Strandsone / vassdrag				Grensar i bratta mot Logrovi i vest og skogskledde lier mot fjorden i nord og sør. Ubebygd område langs fjorden

**Omfang av endringar og vurdering av konsekvensar ved sikring av ei verdsarv-buffersone**

Tema	Omfang av endring	Konsekvens	Kommentarar:
<b>Miljø:</b>			
Landbruk	0	0	Føresetnad: styrka landbruk med beite ved at området inngår i evt støtteordningar for landbruk knytt til verdsarven
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	Ingen kjende konsekvensar
Landskap			Føresetnad:
Naturmangfald	0	0	Ingen registrerte lokalitetar. Den opne lauvskogen må oppretthaldast og det bør ikkje plantast /eteblerast granskog i området som vil endra landskapskarakteren
Friluftsliv og folkehelse	+2	+2	Stølsvegen kan med tilrettelegging og merking brukast av fleire.
Strandsone – vassdrag og fjord	0	0	Føresetnad: Bør unngå større tiltak i strandsona
Reiseliv og oppleving		+2	
<b>Landskapsinngrep:</b>			
Kraftliner, vindmøller, gruvedrift etc	-3	-3	Svært sårbart område for større tekniske inngrep

**Tilhøyrande verdiar i delområdet:**

Det er ingen tilhøyrande verdiar i delområdet.

**Samla vurdering:**

Eit sentralt ressursområde for gardsbruka på Ornes opp gjennom tidene. Liene over Ornes er viktige for å forstå den rikdomen som var på Ornes tilbake i mellomalderen.

**Konklusjon:**

Viktig at området opprettheld sin karakter utan større tekniske inngrep og at utmarka vert teke i bruk att som ein ressurs for gardane i området.

Føresetnad er:

Føresetnad vil vera at område som kjem med i buffersona får dra nytte av nasjonale tilskotsordningar for verdsarven og at dette kan vera med å stimulera til å styrka beitinga. Skjøtselsplanen for Ornes bør utvidast til å omfatta tidlegare beitemark nær gardsområda.



### Delområde nr 3, Loi - Kroken,

**Framlegg til nytt arealføremål:** LNF-omsynssone – Nærsonen 2

**Gjeldande arealføremål:** LNF

**Noverande bruk av området:** småbruk og storgard langs fjorden med fukthagar og slåttemark. Ikkje husdyr / beitedyr.

**Areal** 9,5 km<sup>2</sup>

**Skildring av området:**

Bratte fjordlier som strekkjer seg frå fjorden til 1142 m.o.h. langs fjorden frå Ornes ligg små gardsbruk med frukthagar med «offisersgarden» i Kroken og den aristokratiske kunstnarheimen Munthuset som skuar utover Lustrafjorden.

Småbruka langs fjorden er husmannsplassar som vart skilt ut frå hovudbruket Kroken på 1880-talet.

Skogkledde bratte fjellsider med varmekjær vegetasjon, som anten endar i fjorden eller i ein overgang med grøne, frodige sletter med grasmark, frukt eller bær. Almeskogen på Loi som i dag er naturreservat, var ein viktig del av dette ressursgrunnlaget.

Kroken var ein av fleire setegardar for norsk høgadel i høg mellomalderen i Luster. Dei eldste kyrkjene i Luster, der fleire vert rekna som nasjonale kulturskattar, har sitt opphav i denne maktsamlinga. Kroken sokna også til Urnes stavkyrkje og Kroka-stolen frå 1684 som står fremst i kyrkja er eit prov på denne tilknyttinga.

Munthehuset, slik det framstår i dag, er eit sterkt symbol på nasjonalromantikken sitt opphav og er på mange måtar Nasjonalromantikken Vagge. Det meir enn 200 år gamle og eineståande huset, har spela ei sentral rolle i norsk kunst- og kulturliv og nasjonsbygging for to hundre år sia. Flintoe si reise skjedde berre 4 år etter rikssamlinga på Eidsvoll. Nasjonen Noreg var i ein tidleg fase med å finna seg sjølv og sin identitet.

Etter 1814 vert Noreg som nasjon skapt på grunnlag av historia, landskapet og kulturen som folkedikting og folkemusikk. I meir enn hundre år framover vart det lagt ned eit stort arbeid i dokumentasjon, innsamling av kjeldetilfang, opplæring og formidling – dette var med og skapte grunnlaget for den norske identiteten.

Sentralt i utviklinga stod landskapsmålarane som festa det storslåtte landskapet, folk og dyr til lerretet. Dette var tida før fotografia gjorde sitt inntog frå 1850-talet og utover. Ofte forsterka dei elementa. Ideane hadde sitt utspring i dei tyske romantiske perspektiva med fokus på kulturen som basis for nasjonen med felles identitet som språk, religion, historie og kulturarv – dvs folkeånda.

Munthehuset, slik det framstår i dag har stor verdi som viktig del av nasjonalromantikken og nasjonsbygginga utover på 1800-talet. Flintoe hadde sin entre her 4 år etter at Noreg vart sjølvstendig og fekk si eiga grunnlov. Han var med å la grunnlaget for. Landskapet i Noreg har endra seg kraftig etter at 1800-tals målarane reiste rundt. Denne nasjonalskatten er i dag Kopiane av landskapet heng i dag på nasjonalgalleriet og er heilt sentrale i norsk kunstformidling. Dette er t.d. Brudeferden i Hardanger, Vinternatt i Rondane. Flintoe sette også store spor etter seg på Slottet ved utsmykking av «Fuglerommet».

Dette er historia om kunsten sin plass i nasjonsbygginga med sikte på og byggja ein felles identitet tidleg på 1800-talet. Kunsten som vart skapt av denne generasjon kunstnarar er av den mest verdfulle i dag mykje av den er ivareteke av nasjonale / regionale kunstinstitusjonar. Sia kunsten vert teke vare på – er det også viktig at «originalen» vert sikra for ettertida.

Den historiske tilknyttinga til Ornes og Urnes stavkyrkje, er ei anna tilnærming. Kyrkja er eit sentralt verk i norsk kunst og historie og viser noko av elementa som vart knytt til nasjonalromantikken – dragestilen med inspirasjon frå vikingtida og mellomalderen. Dette er med å gje både Munthehuset og stavkyrkja ein ekstra dimensjon.

Øvst i fjordlia ligg Lobergsfjellet – der ein ser meir eller mindre 7 kyrkjer (Urnes, Solvorn, Nes, Luster, Joranger, nesten Hafslo og Gaupne gamle kyrkje). Denne toppen kan ha vore ein vete – ein del av det gamle varslingsystemet i eldre tid.





Strandsone / vassdrag				Vegen går tett på strandsona over ein lengre strekning. Frå Ytre Kroken og vidare innover mot Vetle kroken ligg vegen godt innafor.
-----------------------	--	--	--	---

### Omfang av endringar og vurdering av konsekvensar ved sikring av ei verdsarv-buffersone

Tema	Omfang av endring	Konsekvens	Kommentarar:
<b>Miljø:</b>			
Landbruk	0		Avgjerande å styrka landbruk og busetnad for å oppretthalda eit ope kulturlandskap
Kulturminne og kulturmiljø	+1	+1	Viktig å sikra Munthehuset som
Landskap			Verdsarven kan gje auka status til landskapet,
Naturmangfald	0	0	Bufferzona har ikkje direkte innverknad på lokalitetane. Mange av lokalitetane er kulturbetinga og for å oppretthalda dei føreset det aktiv skjøtsel og drift. Tap av viktig kulturbetinga natur er også eit tap av ei historie som er knytt til tidlegare livsgrunnlag i tilknytning til verdsarven.
Friluftsliv og folkehelse	0	0	
Strandsone – vassdrag og fjord	0	0	Den serprega landingsplassen til Munthehuset bør framleis liggja i urørt lende med dyrka mark i bakgrunnen.
Reiseliv og oppleving	0	+1	Ivaretaking av landskapsformene kan vera positivt for den langsiktige forvaltninga av verdsarven
<b>Landskapsinngrep:</b>			
Kraftliner, vindmøller, gruvedrift etc	0	0	Utbygging av Krokadalselvi føreset bygging av ny overføringslinje evt til Årøy/Sogndal. Vassdraget bør oppretthaldast som urørt.

#### Tilhøyrande verdiar i delområdet:

##### Viktige element:

- Ytre Kroken

#### **Samla vurdering:**


Landbruket i delområdet må styrkast.

#### **Konklusjon:**

Status som buffersone kan vera med å løysa ut økonomiske ordningar som styrkar landbruk og busetnad i delområdet.

#### Føresetnad er:

.....



Kroken og Krokadalen (3-d foto)



Kroken – Loi – Ornes (3-d foto)

## Delområde 4 Kinsedalen

**Framlegg til nytt arealføremål:** LNFR-omsynssone - Nærsonen 2

**Gjeldande arealføremål:** LNFR

**Areal xx km<sup>2</sup>**

**Noverande bruk av området:** Nokre få fast busette personar. Eigedomar som i stor grad vert nytta til fritidsføremål. Mange spor i landskapet etter gruvedrifta i perioden 1918 - 1944.

**Skildring av området:** *Historisk bruk av området*

Kinsedalen er eit V-forma dalføre som strekkjer seg bratt opp frå fjorden med små brattlendte gardsbruk på både sider. Kinsedalen kan i mellomalderen ha høyrte til storgarden Ornes. Dei rike skogsressursane kan ha gjeve materiale til bygging av stavkyrkja. Fleire av bruken kan ha vore husmannsplassar som seinare er skilt ut.

Det er 2 matrikelgardar; gnr 184 Åsen og 185 Dalen, medan gnr 183 ligg lengst nede er høyrer til matrikelgard på Ornes. Området ber preg av rike skogsressursar i form av furuskog.

Kinsedalen hadde fått si fyrste sag i 1603 ( Arne Kvitrud). Han meiner også at Kinsedal (Dalen?) kan ha vore rydda alt på 1000-1100-talet.

*Delvis skjult i landskapet ligg også ulike spor / installasjonar etter gruvedrifta som Hydro starta opp i 1918:*

For å sikre råstoff til aluminiumsproduksjon i Årdal, kjøpte Hydro i 1918 rettane til anorthositt-felta i Kinsedalen. Dei etablerte dagbrot ved fjorden og bygde ein utskipingskai. I mellomkrigstida var produksjonen lagt ned. I 1940 satsa Norsk Hydro opp att lenger oppe i Kinsedalen. På kort tid vart det bygt opp eit gruvesamfunn der det arbeidde kring 400 mann. Det vart bygd opp eit lite samfunn med brakker, ny kai på 100 meter, verkstad, mannskapsmesser, kontor og bustadhus for ingeniørar og funksjonærar.

Ved steinbrota vart det bygd store fjellhallar for knuseri og siloar, og i 1941 ei jernbane frå sjøen og m.a. i ein 300 meter lang tunnel opp under siloane i fjellhallane. I 1943 vart det i tillegg bygt ei ekstra trallebane som frakta folk og utstyr mellom sjøen og steinbrota.

I 1942 tok tyskarane sitt Nordag-selskap opp att brytinga av anorthositt i førekomsten ved sjøen. Arbeidarane på dette anlegget var for det meste folk som var tvangsutskrivne til arbeidsteneste for okkupasjonsmakta.

Norsk Hydro sin aktivitet i Kinsedal slutta tvert då aluminiumsabrikken på Herøya vart lagt i grus av allierte bomber i 1944. I løpet av nokre dagar var bygda «tom» for folk. Like etter krigen vart det gjort eit mislukka forsøk på produksjon av anorthositt som råstoff for aluminiumsverket i Høyanger. (kjelde Fylkesleksikon)

På slutten av krigen vart brakkene i Vetlemannsgjelet nytta til barneasyl i nokre månader.

I dag er det berre få fastbuande att i Kinsedalen. Men ei svær kai og nokre gamle hustufter minner om at denne bygda i nokre hektiske krigsår var eit gruvesamfunn som talde 400 arbeidarar.

Skule i Kinsedalen og Kroken: Frå 1946 til 1952 vart det drive yrkesskule i dei tidlegare gruvebygningane i Kinsedal. I alt 200 elevar tok eksamen på mekanikk-, elektrisk-, møbel-, maskinsnikring- og husbyggjarlinene ved skulen. I 1952 brann messe- og bustadbrakka ved skulen i Kinsedal, og yrkesskulen vart flytta til Sogndal.

Kinsedalen fekk vegutløysing til Ornes i 1986, fram til då var det båt / ferje som var framkomsten.



Naturmangfold	0	0	Ingen planlagde tiltak som kan føra til press på registrerte naturverdiar.
Friluftsliv og folkehelse	+1	+2	Potensiale for auka tilrettelegging som turutgangspunkt
Strandsone – vassdrag og fjord	0	0	Bratt og vanskeleg tilgjengeleg strandsone
Reiseliv og oppleving	+1	+1	Ved tilrettelegging kan det koma fleire besøkjande til Kinsedalen for å sjå og høyra om aktiviteten som var knytt til Hydro anothosittanlegg under krigen og barneasyl og skule etter krigen.
<b>Landskapsinngrep:</b>			
Karftutbygging, kraftliner, vindmøller, gruvedrift etc	0	0	Situasjonen vert som no – det bør ikkje leggjast til rette for store naturinngrep i området. Ei omsynssone i arealdelen kan berre rå frå slike tiltak. Evt småkraftutbygging kan medføra tørrlagd elv og kraftline over fjorden.

**Tilhøyrande verdiar i delområdet:**

*Viktige element utafor buffersona:*

- Gardsbruk og husmannsplassar

**Samla vurdering og eventuelle alternativ:**

Tilhøyrande verdiar:

Objektnr ?? – namn

Kinsedalen har eit potensiale i det historieforteljande landskapet som ressurs for garden Ornes og stavkyrkja i mellomalderen. I tillegg har området ein nyare historie som kan utviklast til å brukast for besøkjande til Ornes. Historia er knytt til Hydro si utvinning av anorthositt i tida 1918 – 1944. Føreset ei viss tilrettelegging. Også noko lenger ute ved Vetlemannsgjelet var det gruvedrift med brakkeleir for vel 100 mann.

Småkraftutbygging

Kinsedalselvi ligg i plan for småkraftverk i Luster i «Gul konfliktsone». Desse områda har nokre typisk sterke interesser som det må takast omsyn til. Dette gjeld m.a. natur, miljø, kulturminne, landskap og friluftsliv. Evt utbygging av kraftverk i desse delområda må ta omsyn til dei allmenne interessene og planleggast med avbøtande tiltak.

*Linjenett:* Linja langs fjorden inn til Skjolden er ei 22kV Feral25 linje som berre har kapasitet til å overføre 1-2 MW. Det er dermed berre plass til ei mindre utbygging tilsvarande det skisserte prosjektet i Sørheim. Eksisterande 22kV nett kan ikkje overføre produksjonen i området. Ei aktuell løysing er 66 sjøkabel mellom Solvorn og Ornes (avhengig av fleire utbyggingar i området). I tillegg til å kunne transportere kraft ut av dette området, vil ein ny sjøkabel sikre betre tilførsel av straum til sørsida og luftspennet som i dag kryssar fjorden frå Skophammar til Kinsedal kan demonterast. Dette ville vere ein estetisk betring av fjordlandskapet og redusere kollisjonsfaren for fugl og fly.

Ei utbygging av Kinsedøla kan føra til omfattande inngrep og tørrlegging av elva. Vassføring i elvane er vesentleg for å forstå historia i området med skogsverdiar, hogst og sagbruk.

ROS:

Store delar av busetnaden i Kinsedalen ligg innafor:


- Aktsemdsområde – utløpsområde steinsprang og utløysingsområde snøskred,
- Aktsemdsområde snø- og steinsprang
- Føresetnad for utbygging i desse områda er ei nærare farekartlegging som avklarar dei faktiske tilhøva

**Konklusjon:**

Både stimulering til knytt til landbruksdrift og betra kommunikasjon Ornes – Solvorn er avgjerande for framtidig busetjing i området og at kulturlandskapet vert oppretthalde.

Ein føresetnad for å oppretthalda eit ope kulturlandskap i framtida er ei generell styrking av busetjinga på heile sørsida.

Kraftutbygging i Kinsedalselvi synest å vera lite aktuelt m.o.t. kostnader med ny overføringslinje til Årøyane og omsynet til natur, kulturminne og friluftsliv.



**Børtnes – Kinsedalen - Vetlemannsgjeli**



## Delområde nr 5, Solvorn

**Framlegg til nytt arealføremål:** reguleringsplanar vert vidareført. LNF område vert endra til LNF-omsynssone – nærsone 2

**Gjeldande arealføremål:** Delvis regulert område og delvis LNF. Nedre del er omfatta av reguleringsplan Solvorn som er myke regulert til spesialområde bevaring

**Areal 2,1 km<sup>2</sup>**

**Noverande bruk av området:** busetnad og landbruk. Barneskule og barnehage, kyrkje, hotell, ferjekai og 2 gjestehus i bygda. Mykje turistar i sommarhalvåret. Noko husdyr – sau og storfe, stor produksjon av bringebær og frukt.

### Skildring av området:

*Historisk bruk av området (frå Fagrapport Solvorn):*

Strandsitjarstaden Solvorn har enno ein struktur som kan førast tilbake til mellomalderen og som viser ei allmenn utvikling av små tettstader ved fjorden. Her fin ein framleis ei sjøhusrekke med bolverksbryggjer ut i sjøen, bak desse eit mylder av like bygningar men med ein parallelstilt hovudstruktur ned mot sjøen, og bakanfor eit gateløp parallelt med strandkanten. Dette er slik arkeologane tenkjer seg at til dømes tettstaden i Bjørgvin kan ha sett ut før byen vart etablert. Bygningane er mykje yngre, men den opphavlege tettstadstrukturen som eit allment element er truleg minst like gamal som stavkyrkjekonstruksjonen.

Ved førre sekelskifte var i hovudsak dei grunnleggjande strukturane vi kjenner frå Solvorn i dag på plass:


- Sjølve strandsitjarmiljøet med sitt mangfald av bygningar og med naust, sjøhus og bolverksbryggjer ut mot sjøen.
- I sør Sorenskrivargarden.
- I nord gjestgjevarstaden med dampskipskai.
- Hovudvegen gjekk parallelt med strondi og utgjorde vestgrensa for sjølve strandsitjarstaden.
- Vest for vegen låg eit belte med spreidd busetnad i sveitserstil.
- Kyrkja med den gamle kyrkjegarden.
- Øvst/ytst i bygda låg dei opphavlege gardane.

*Døme på antikvarisk verdi i Solvorn*

- Naustrekka mot sjøen med bolverksfundament, sjøhus og bryggje.
- Einaste strandsitjarstaden i indre Sogn som framleis har sin opphavlege kontakt med fjorden.
- Geiler og gangstiar som er opne for fri ferdsel på kryss og tvers i strandsona.
- Solvorn har framleis dei allmenne strukturane for bydanning i mellomalderen i autentisk stand.
- Veitar og grøver med vatn som renn mellom husa med sine gamle vaskeplassar.
- Strandsitjarplassar med fjøs, stove, stabbur og uthus i eit opphavleg miljø.
- Sosial spennvidde mellom sorenskrivargarden på den eine sida, hotellet på den andre sida og strandsitjarmiljøet i midten.
- Det grønne beltet mellom strandsitjarmiljøet og den spreidde busetnaden bakom i sveitserstil.
- Stor tidsdjupne og variasjon på bygningar og strukturar.

*Døme på opplevingsverdi i Solvorn*

- Heilskapen i den opphavlege busetnaden med tydelege og ulike bygningssoner.
- Samspelet mellom bygningsmiljø, fjellsidene rundt og fjorden.



### Verdien av området knytt til verneverdiene og bruksinteressene

Miljø- og samfunnsverdiar	Lokal	Regional	Nasjonal	Merknad:
Landbruk		2		I hovudsak bær- og frukt- og grasproduksjon, noko sau og storfe. Grøntproduksjon er avgjerande for å halda landskapet ope.
Kulturminne-/ landskap			3	Store kulturminneverdiar; strandsitjarbusetnad, freda sorenskrivargard, trehotell, gravhaugar etc. Området kring strandsitjarmiljøet er regulert til spesialområde bevaring og er omkransa av eit ope jordbrukslandskap med små konsentrerte bustadområde
Naturverdiar			3	<u>Lokalitet Idnr -BN00016524</u> . Klassisk utforma edellauvskog av fjordtypen, med steile bergvegger som avgrensing på oversida. Ein stor alm-lindeskog med velutvikla "blokkmarklindeskog" av ein turr utforming. Karplantefloraen er svært rik, med typiske edellauvskogsarter som breiflangre, myske og skogsvingel. Dei nedre delane er dominert av hassel og bjørk og har eit meir hagemarkpreg. I 2000 vart det funne 19 raudlista sopparter på lokaliteten (Brandrud m.fl. 2001). De fleste vart funne i hasselskogen i nedre delar, medan potensialet for å finna fleire artar knytt til lindeskogen er stor.
Rekreasjon/ friluftsliv			3	Solvorn-strondi som bade- og turområde og turvegjar langs fjorden og i liene er svært mykje nytta
Strandsone / vassdrag			3	Intakt strandsone. I Solvorn har den opphavlege kontakten med sjøen og strukturane i strandsitjarmiljøet halde seg og er teken vare på fram til vår tid – i motsetning til andre tilsvarande område

### Omfang av endringar og vurdering av konsekvensar ved sikring av ei verdsarv-buffersone

Tema	Omfang av endring	Konsekvens	Kommentarar:
<b>Miljø:</b>			
Landbruk		+1	Auka behov for utbyggingsareal kan gå ut over dyrka mark
Kulturminne og kulturmiljø		-1	Auka turisttrafikk til verdsarven kan føra til press på nærområdet til kaien jfr auka behov for parkering
Landskap	0	-1	Evt utbyggingspress kan gå ut over dyrka mark og medføra store endringar i landskapet i Solvorn.
Naturmangfald	0	0	Lokaliteten ligg i rasutsatt område og er ikkje utsett for utbygging. Utfordringa ligg heller i atgroing ved kraftig redusert beitebruk
Friluftsliv og folkehelse	0	-1	Auka besøkstal til verdsarvområdet kan føra til auka press på badestronda som i utgangspunkt er lite og andre sentrale turområde i Solvorn
Strandsone – vassdrag og fjord	0	-1	Verdsarven kan føra til aukande besøk og dermed auka press på strandsona og turområda i Solvorn.
Reiseliv og oppleving	-1	-1	Auka fokus og besøk til verdsarven kan føra til press på arealbruken i strandsitjarområde jfr tilkomst til Ornes.
<b>Landskapsinngrep:</b>			
Kraftliner, vindmøller, gruvedrift etc	0	0	Ingen planlagde tiltak i området. Evt inngrep kan vera knytt til transport / kommunikasjon Solvorn - Ornes

**Tilhøyrande verdiar i delområdet:**Støttande verdi:

- Solvorn – landskapet kring tettstaden
- Mellomalderkyrkjestaden
- Strandsitjarmiljøet
- Kaien

Viktige element innafor buffersona:

- Walaker hotell med tingstova
- Christianeslyst

**Samla vurdering:**

Strandsitjarbusetnaden i Solvorn har stor eigenverdi som kulturminne. Solvorn er «inngangsportalen» til verdsarven Ornes stavkyrkje. Dei fleste som besøker verdsarven kjem hit for å ta ferja over fjorden. Dette føreset at det er tilstrekkeleg parkeringsplassar både for besøkjande til Ornes og til dei som «berre» besøker Solvorn. Den siste gruppa er særleg stor på finværsdagar sumarstid med god badetemperatur. Presset på p-plassar er stort og nærast kaos. Dette gjev spesielt utfordringar for utrykkingskøyretøy og bussar/offentleg transport.

Nye utbyggingsområde i Solvorn kan verta ei ny utfordring. Vidare utbygging på dyrka mark kan på sikt endra jordbrukslandskapet i bygda. Evt nye utbyggingsområde må veljast ut basert på ein landskapsanalyse.

Seinare år er ei rekkje stiar i utmarka merka og talet på turgåarar er aukande. Luster kommune har regulert kaiområdet i Solvorn til «offentleg kai» for å sikra ålmenta sin tilgang til kaiområdet.



Trafikkanalyse for Solvorn gjev ein del føringar for bruk av parkeringsareal og skal vidare fylgjast opp.

**Konklusjon:**

1. Reguleringsplanar for Solvorn er førande for arealforvaltninga i Solvorn.
2. Fylgjande plandokument skal vera rettleiande for forvaltning av delområde 7:
  - Forvaltningsplan for Solvorn
  - Trafikkanalyse for Solvorn
3. Reguleringsplan for Solvorn bør reviderast og oppdaterast jfr gjeldande krav.

Retningslinje:

1. Innafor fjernsone 1 bør det ikkje gjevast løyve til tiltak som massetak, gruvedrift, kraftoverføringslinjer og andre store tiltak / anlegg som dominerer landskapet eller endrar horisontlinjene.
2. Lokalisering av evt nye bustadområde i Solvorn bør ta utgangspunkt i ein landskapsanalyse





## Delområde nr 6 Mollandsmarki – busetnad og landbruk

**Framlegg til nytt arealføremål:** LNF-omsynssone – Fjernsone 1

**Gjeldande arealføremål:** LNF. I KPA er det utlagt eitt område for bygging av fritidsbustader


**Noverande bruk av området:** Landbruksområde med spreidd busetnad og nokre fritidsbustader

**Areal** 3,6 km<sup>2</sup>

**Skildring av området:**

Mollandsmarki (vel 480 m.o.h.) er ei grend med små og større gardsbruk som ligg på eit søraustvendt høgdedrag over Lustrafjorden med ei vid utsikt over det store fjord- og fjellandskapet og Ornes. Spreidd busetnad og nokre fritidsbustader. Relativt små, men aktive gardsbruk. Det er ikkje anna form for næringsverksmed i området, men på ein av gardane er det arbeid med å etablera ei reiselivsverksemd. Nedlagt grendeskule der bygningen vert nytta til grendehus.

Mollandsmarki har ikkje gjennomkøyringsveg.



### Verdien av området knytt til verneverdiane og bruksinteressene

Miljø- og samfunnsverdiar	Lokal	Regional	Nasjonal	Merknad:
Landbruk		2		Aktivt landbruksområde
Kulturminne-/ landskap	2			Jordbruket sitt kulturlandskap. 1 registrert førreformatorisk lokalitet
Naturverdiar		1		Raudliste; Artsobservasjon sivspurv Batatjørni. 3 lokalitetar / registrerte naturtypar naturbeitemark / bjørkehage. Kan ha raudlisteart. Viktig å oppretthalda beite.
Rekreasjon/ friluftsliv				Turutgangspunkt til husmannsplassen Stuaflåten. Registrert som viktig friluftsområde av Luster kommune. Turutgangspunkt til Molden.
Strandsone / vassdrag		1		Raudlisteart i Batatjørni



### Omfang av endringar og vurdering av konsekvensar ved sikring av ei verdsarv-buffersone

Tema	Omfang av endring	Konsekvens	Kommentarar:
<b>Miljø:</b>			
Landbruk	+1	1	Føresetnad: styrka landbruk med beite ved at området inngår i evt støtteordningar for landbruk knytt til verdsarven
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	Mange SEFRAK-registreringar,
Landskap	+1	+1	Føresetnad: aktiv landbruksdrift
Naturmangfald	0	0	Endra driftsformer i landbruket kan vera ein avgjerande trugsel mot registrerte naturlokalitetar
Friluftsliv og folkehelse	+1	+1	Auka merksemd på verdsarven kan føra til auke utfart i området
Strandsone – vassdrag og fjord	0	0	Grensar ikkje til strandsone / større vassdrag.
Reiseliv og oppleving	+1	+1	Utsikta frå Mollandsmarki – mot Ornes er lite kjent/fokusert på i reiselivet
<b>Landskapsinngrep:</b>			
Kraftliner, vindmøller, gruvedrift etc	0	-1	Sårbart landskap og større tekniske inngrep bør unngåast

#### Tilhøyrande verdiar i delområdet:


Støttande verdi:  
Kulturlandskapet?

#### Samla vurdering:

Ut frå innskrivingsteksten: *The location of the church within the remarkable backdrop of a glacial valley on the north bank of Sognefjord* er det svært viktig å oppretthalda og styrka landbruksnæringa med beite i Mollandsmarki då dette området utgjer eit mektig bilete – sett frå Ornes og stavkyrkja. Evt støtteordningar knytt til landbruk i verdsarvområde bør omfatta Mollandsmarki.

#### Konklusjon:

Sårbart landskap der ein må unngå store tekniske inngrep. Avgjerande å styrka landbruksnæringa i området.



*Mollandsmarki til høgre, Solvorn midt i biletet og Ornes nedst til venstre*



*Mollandsmarki ligg på eit søraustvendt høgdedrag over Lustrafjorden og Solvorn*

## Delområde nr 7, Fjorden 1

**Framlegg til nytt arealføremål:** LNF-omsynssone – Nærsonen 2

**Gjeldande arealføremål:** LNF

**Noverande bruk av området:** ferdsel, fiske, friluftsliv, låssetjingsplassar

**Areal xx km<sup>2</sup>**

**Skildring av området:**

Strekning på 20,5 km frå Kvarven – Ornes – Nes. Strekninga Kvarven – Ornes er 11,3 km

*Historisk bruk av området:*


Lustrafjorden har vore brukt til ferdsel og fiske i uminnelege tider. Før køyrevogane kom langs fjorden var båten det sentrale framkomstmiddelet for dei som budde langs fjorden. Folk rodde på arbeid, på besøk, for transport av varer etc. i dag er det ferja Solvorn – Ornes og fritidsbåtar som viktigaste trafikken på fjorden.

Langs fjorden ligg det framleis gamle naust – mange i dårleg stand og av desse er mange bygd i stein. Nausta fortel ei historie om den tradisjonelle ferdsla på fjorden.

Tidlegare var det også mykje fiske av m.a. brisling og sild. Men sterk nedgang i fiskebestanden har ført til at reduksjon i fisket. I planområdet er det avsett seks lokalitetar for låssetjing av brisling. Det har vore lite bruk av desse seinare år.

Solvorn har vore den sentrale hamna for både fiske, handel og ferdsel. Ferjeleie til Ornes og tidlegare gjekk det ferje til Årdal via Kroken, Ornes og Kinsedalen.

### Kart



### Verdien av området knytt til verneverdiene og bruksinteressene

Miljø- og samfunnsverdiar	Lokal	Regional	Nasjonal	Merknad:
Landbruk / fiske		2		Låsetjingsplassar for brisling i Solvorn,
Kulturminne-/ landskap			3	Storslått fjordlandskap med Urnes stavkyrkje plassert på eit framskotenes i fjorden medan strandsitjarstaden Solvorn ligg plassert inn i ei bukt.
Naturverdiar				Strekningar av ubebygd strandsone.
Rekreasjon/ friluftsliv		3		Fjordområdet er viktig for rekreasjon og friluftsliv. Badestronda i Solvorn har høgt besøkstal på finværsdagar. Bukta har ikkje tilførsel av brevatn og vatnet vert oppvarma i periodar med fint vær og lite vind. Utover dette er det lokal småbåtrafikk. Det er lite båtrafikk frå ytre område delvis pga manglande gjestehamner med fasilitetar.
Strandsone / vassdrag		2		Grunna landskap og terrengformasjonar er det avgrensa muligheter for utbygging i strandsona. Dette gjer at ein i området har lengre strekningar med urørt strandsone. Gjeld Solvorn – Vedvik

### Omfang av endringar og vurdering av konsekvensar ved sikring av ei verdsarv-buffersone

Tema	Omfang av endring	Konsekvens	Kommentarar:
<b>Miljø:</b>			
Landbruk	0	0	
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	
Landskap	0	0	Uvisst kva slags endringar av navigasjonsanlegg for skipsfart og kva dei evt kan føra til endringar av landskapet
Naturmangfald	0	0	
Friluftsliv og folkehelse	0	0	
Strandsone – vassdrag og fjord	0	0	
Reiseliv og oppleving	0	0	Auke i besøk og med påfølgjande auke i tilrettelegging.
<b>Landskapsinngrep:</b>			
Kraftliner, vindmøller, gruvedrift etc	0	0	

#### Tilhøyrande verdiar i delområdet:

##### Støttande verdi

- Sognefjorden / Fjordlandskapet

#### Samla vurdering:

Det er for tida ikkje nokon situasjon som tilseier vesentleg auke aktivitet i fjordområdet eller tekniske inngrep knytt til fjorden.

Auke i besøkstalet til verdsarven kan føra til auke press på strandlina i form av utbyggingar og tilretteleggingar. Bygging av cruisehamn i Skjolden for vel 10 år sia har likevel ikkje ført til vesentleg auke i skipstrafikken i fjordområdet då talet anløp er relativt lågt. Det er no uvisst korleis dette vil utvikla seg etter pandemien er over.

Tradisjonell silde- og brislingfiske er i dag lågt og det er uvisst korleis det vil utvikla seg framover.

Kystverket har i innspel til planen meldt om at dei har rett til å etablere, vedlikehalda og fjerna anlegg til bruk av navigasjonsinstallasjonar som skal tena ferdseil til sjøs (navigasjonsanlegg), utan at dette er spesifisert nærare.

**Konklusjon:**

Kystverket sin rett til å etablere, vedlikehalda og fjerna anlegg knytt til navigasjonsanlegg vert lagt inn i føresegnene:

**Kap 1.5.3 Navigasjonsinstallasjonar (Ny)**

Sosikode 2045

Gjeld navigasjonsanlegg.

Innafor 100-metersbeltet langs sjøen kan Kystverket jfr PLBL § 1-8 4. ledd etablere, vedlikehalda og fjerna anlegg til bruk av navigasjonsinstallasjonar som skal tena ferdsel til sjøs (navigasjonsanlegg). Tiltaket skal meldast til Luster kommune.

Heimel: PLBL § 11-11 nr.

**Retningslinjer:**

Innafor delområdet 7 bør det ikkje gjevast løyve til tiltak som kraftoverføringslinjer og andre store tiltak / anlegg som dominerer landskapet eller endrar horisontlinjene.



Nes – Kvarven – sett frå vest



## Område nr 8 Kinsedalen – Kvarven, Fjordlier

**Framlegg til nytt arealføremål:** LNF-omsynssone – Fjernsone 2

**Gjeldande arealføremål:** LNF

**Noverande bruk av området:** utmarksområde – noko beitebruk?

**Areal xx km<sup>2</sup>**

**Skildring av området:**

Området er vestvendt med bratte lier og tronge gjel som er skore inn i terrenget. Ingen store tekniske inngrep- Området var tidlegare busett med husmannsplassar. Husmannsplassen Kvalen står framleis att bygningar. Rike skogressursar med sag på Trondskogen – som i mellomalder .....

Store delar av skogområde høyrde til hovudbruket; Buggegarden. Framlegg til frivillig skogvern har vore til høyring vinteren 2021.

Frå Kinsedalen / Åsen går det stølsveg til stølane Øystølen og Trondskogstølen.





### Verdien av området knytt til verneverdiene og bruksinteressene

Miljø- og samfunnsverdiar	Lokal	Regional	Nasjonal	Merknad:
Landbruk	1			I stor grad utmarksressursar i form av beite
Kulturminne-/ landskap		2		Stølsområde og eldre buplassar langs fjorden; Kvalen, Trondskogen
Naturverdiar			3	For nordleg del av området er det framlegg om naturreservat – Buggestrondi 4054,5 daa. Stor eik ved ferjekaien som bør stå urørt
Rekreasjon/ friluftsliv	2			Sti frå Kinsedalen til Øystølen, Trondskogsstølen, og til Buggestranda / Kvalen
Strandsone / vassdrag			1	Vassdrag og 7 km strandsone utan vesentleg tekniske inngrep

### Omfang av endringar og vurdering av konsekvensar ved sikring av ei verdsarv-buffersone

Tema	Omfang av endring	Konsekvens	Kommentarar:
<b>Miljø:</b>			
Landbruk	0	0	
Kulturminne og kulturmiljø	0	+1	Kan vera ein styrke under føresetnad av at betre tilrettelegging
Landskap	0	0	
Naturmangfald	0	0	Delar av området vert omfatta av Naturmangfaldslova
Friluftsliv og folkehelse	+1	+1	Kan verka positivt jfr auka tilrettelegging for opplevingar jfr verdsarven og historia i landskapet
Strandsone – vassdrag og fjord	0	0	
Reiseliv og oppleving	0	+1	Kan føra til auka interesse for området ved innføring av ei buffersone. Vil i så fall styrka eit område som i dag har lite aktivitet.
<b>Landskapsinngrep:</b>			
Kraftliner, vindmøller, gruvedrift etc	0	0	

#### Tilhøyrande verdiar:


Det er ingen tilhøyrande verdiar i delområdet.

#### Samla vurdering:


Område med lite aktivitet. Området har eit potensiale for dagsturar frå Kinsedalen til Kvalen og evt stølane ved ei betre tilrettelegging.

#### Konklusjon:

Ingen kjende konsekvensar. Framlegg om nullgrenseforskrift omfattar området.



Kinsedal - Kvarven



«Buggestranda» - område med framlegg om frivillig barskogvern

## Område nr 9 Krokadalen, Tisedalshøgdi og Marheimsholten,

**Framlegg til nytt arealføremål:** LNF-omsynssone – Fjernsone 2

**Gjeldande arealføremål:** LNF

**Noverande bruk av området:** utmarksområde – noko beitebruk

**Areal xx km<sup>2</sup>**

**Skildring av området:** Fjellområde som strekkjer seg frå Krokadalen til Marhellaren og fylgjer kommunegrensa mot Årdal. Krokadalen er ein V-forma, skogkledd dal som endar opp i eit ope sletteforma landskap som strekkjer seg seg mot fjordliene som stuper ned i Lustrafjorden eller Årdalsfjorden.

Fleire stølar ligg i området Kinsedalen – Krokadalen, m.a. Nystølen, Kveken, Dalastølen og Sippelshaug

Villreinområde – Jotunheimen vest. I villreinområdet som strekkjer seg frå Tindevegen; Turtagrø – Årdal (Årdalshalvøya) er det ikkje tilrettelagde tiltak for ferdsel/friluftsliv eller andre naturinngrep. Det er lagt vekt på å oppretthalda området som eit «Inngrepsfritt naturområde» *INON*. 13 km inngrepsfri strandsone

### Verdien av området knytt til verneverdiane og bruksinteressene

Miljø- og samfunnsverdiar	Lokal	Regional	Nasjonal	Merknad:
Landbruk	M			Beiteområde – noko sau og gamle stølsområde
Kulturminne-/ landskap		M		«Flate» vidder med elvedalar som skjer seg ned i landskapet mot fjorden. 1 fangslotalitet på Tisedalshøgdi,
Naturverdiar			M	Del av Vestjotunheimen villreinområde. Krokadalselvi – intakt bekkeløft, rik og gamal gråor-heggeskog og noko gråor-almeskog, rikt og variert artsmangfold. Dalen har flere spesielle, regionalt sjeldne og austlege trekk mot artssamfunn. A-verdi.
Rekreasjon/ friluftsliv		S		Høg verdi i form av eit lite tilrettelagt område – villmarksprega
Strandsone / vassdrag				Inngrepsfrie vassdrag

### Omfang av endringar og vurdering av konsekvensar ved sikring av ei verdsarv-buffersone

Tema	Omfang av endring	Konsekvens	Kommentarar:
<b>Miljø:</b>			
Landbruk			
Kulturminne og kulturmiljø	+3	+1	Planen skal sikra at kulturminne og området sin historisk kan nyttast i formidling av verdsarven.
Landskap		+1	Del av inngrepsfritt naturområde « <i>INON</i> »
Naturmangfald	0	0	Planen vil ikkje ha innverknad på villreinområdet
Friluftsliv og folkehelse	0		
Strandsone – vassdrag og fjord	-	-	
Reiseliv og oppleving	+1		
<b>Landskapsinngrep:</b>			
Kraftliner, vindmøller, gruvedrift etc	-2	-3	Det bør ikkje opnast for slike tiltak i planområdet

### Tilhøyrande verdiar i delområdet

#### Støttande verdi:

Varslingssystem / vetar:

- Lobergsfjellet

Historisk bruk av området:

Fjellområdet har vore utmark for gardane frå Kroken til Kinsedalen. Truleg har det utgjort viktige utmarksområde for storgarden Ornes tilbake til mellomalderen. Området er som eit platå med eit «roleg» landskap. Liene både mot Lustrafjorden og Årdalsfjorden stuper bratt ned.

Det er kjent at fedrifter vart frakta med båt frå Marifjøra til Kroken. Dei tok seg vidare over til Årdal / Offerdal og vidare truleg mot marknader i Lærdal eller på austlandet.

Ferdselsvegar har truleg gått på kryss og tvers mellom bygdene og gardane i området, t.d.

Ornes/Kroken/Kinsedalen/indre og ytre Offerdal / Seimsdalen. Dei to siste i Årdal. Det kan liggja gamle vardar langs vegane og det er ikkje usannsynleg at det kan finnast fangstanlegg i fjellområdet.

Aktiviteten i området er i dag liten. Tidlegare mykje nytta beiteområde, men der det i dag er lite husdyr å sjå.

Talet på beitedyr har er i dag på eit svært lågt nivå. Noko hjortejakt. Villreinjakta har vore sporadisk jfr bestandsutviklinga. Frå 2021 er Men for dei som føretrekkjer lite tilrettelegging for friluftsliv er dette eit verdfullt område. Mange av stølane er i bruk som fritidshus, gamle ferdselsvegar

**Samla vurdering:**

Innføring av buffersone for verdsarven Ornes stavkyrkje vil ikkje påverka dette delområdet. Det kan vera i tilfelle auka ferdsel i stølsområda mellom Ornes og Kinsedalen.

Nye utbyggingstiltak i området: området er svært sårbart for store terrenginngrep.

**Konklusjon:**


Viktig utmarksområde for Ornes / Kroken tilbake til mellomalderen. Området er sårbart for større tekniske inngrep. I kommuneplanen sin arealdel kan det ikkje knytast bestemmelsar til store tekniske anlegg som vassdragsutbygging, vindmølle, kraftoverføringslinjer og liknande. Dette vert regulert gjennom særlover. Men kommunen kan fastsetja retningslinjer for slike tiltak.

Det vert gjeve kommunale retningslinjer for etablering av større tekniske infrastrukturtiltak i området.






*Delområde 6 Krokadalen – Tisedalshøgdi – Marheimsholten – kart og flyfoto*



*Krokadalen til venstre, Ornes i midten. Marheimsholten over fjorden til høyre. Ingebjørgsfjellet og Tisedalshøgdi ligg som «runde haugar» øvst i bildet.*




Kveken nede til venstre og Dalastølen oppe til høyre




«Det storslåtte landskapet» - innover til Nystølen midt på bilete, Kveken og Dalastølen til høyre og toppane i bakgrunnen er Austabottentindane i Vest-Jotunheimen






*Krokadalen – 3D-foto*



*Foto: Torunn Løne Vinje*

*«Liten varde på stor stein i stort landskap» – vegen frå Kinsedalen mot Ingebjørgfjellet og Årdal. Kveken og Nystølen oppe til høgre i biletet.*



*Kart «Inngrepsfrie NaturOmråde i Noreg» - INON  
Rosa område = endringar i åra 1988 - 2018*

## Delområde nr 10, Haugmelen – Molden, fjell og fjordlier

**Framlegg til nytt arealføremål:** LNFR - omsynssone – Fjernsone 2

**Gjeldande arealføremål:** LNFR

**Noverande bruk av området:** I hovudsak utmarksområde med noko beitemark og ein del friluftsliv. Turvegar til Molden og Haugmelen (frå Kaupanger). Noko jordbruksdrift / frukt langs fjorden frå Dalen til Ytre Eikum.

**Areal** 28,5 km<sup>2</sup>

**Skildring av området:**

Delområdet omfattar både fjell og fjordlier frå Støsskreda under Store Haugmelen til Molden og ned til Dalen på sørsida av Gaupnefjorden. Den veglause grenda Ytre Eikum ligg også i området, medan Mollandsmarki er trekt ut som eige delområde (nr6).



Historisk bruk av området:

Delar av strendene frå Solvorn til Ytre Eikum og frå Solvorn og sørover mot Sanden har for teigar for gardsbruka i Solvorn. Nokre teigar er framleis i hevd.

Fjellområda har tradisjonelt vore nytta som beiteområde for husdyr og noko jakt.

Delar av fjellområda er mykje nytta til friluftsliv. Dette gjeld Molden og Bondehaug i Mollandsmarki, lia over Solvorn i retning Setålen og Solvornnipa og Store Haugmelen (opp frå Kaupanger). I området ligg det mange gamle stølar som er ute av bruk, men fleire sel vert nytta som fritidshus.

I lia mellom Molland og Lustrafjorden har Hafslo sogelag i fleire år arbeidd med å ta vare på husmannsplassen Stuaflåten. Det har tidlegare også gått veg ned til fjorden.



### Verdien av området knytt til verneverdiane og bruksinteressene

Miljø- og samfunnsverdiar	Lokal	Regional	Nasjonal	Merknad:
Landbruk		2		Verdiane ligg i eit aktivt landbruk som opprettheld det opne kulturlandskapet
Kulturminne-/ landskap			3	Visuelt viktig landskapsområde for verdsarven. 1 registrert gravhaug på Ytre Eikjo og 1 gravrøyv på Artnes-
Naturverdiar		2		Det er fleire naturypelokalitetar nær fjorden frå Solvorn til Dalen. Eit mindre område ved Ytre Eikjo er INON-område og eit større område frå Djupvik til Stølsskreda. Delar av Luster Vestre statsallmenning ligg innafør området.
Rekreasjon/ friluftsliv			3	Store delar av området er mykje nytta til friluftsliv – også om vinteren
Strandsone / vassdrag			3	Urørt strandsone i delar av området.

### Omfang av endringar og vurdering av konsekvensar ved sikring av ei verdsarv-buffersone

Tema	Omfang av endring	Konsekvens	Kommentarar:
<b>Miljø:</b>			
Landbruk	0	0	Evt nye ordningar for beite i buffersona kan verka positivt for landbruksnæringa
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	Ingen tiltak som kan
Landskap	0	0	Evt nye ordningar for beite i buffersona kan verka positivt for det opne kulturlandskapet
Naturmangfald	0	0	Ingen tiltak som kan verka neagtivt på naturmangfaldet
Friluftsliv og folkehelse	0	+1	Fokus på verdsarv kan medføre auka besøk / friluftsliv i området
Strandsone – vassdrag og fjord	0	-1	Fokus på verdsarv kan føra til auka press på bygging i strandsona
Reiseliv og oppleving	0	+1	Fokus på verdsarv kan medføre auka besøk i området
<b>Landskapsinngrep:</b>			
Kraftliner, vindmøller, gruvedrift etc	0	0	Ingen registrerte interesser i området for slike tiltak

#### Tilhøyrande verdiar:

Det er ingen tilhøyrande verdiar i delområdet.


#### Samla vurdering:

Området er sårbart for større tekniske inngrep. I kommuneplanen sin arealdel kan det ikkje knytast bestemmelsar til store tekniske anlegg som vassdragsutbygging, vindmølle, kraftoverføringslinjer og liknande. Dette vert regulert gjennom særlover. Men kommunen kan fastsetja retningslinjer for slike tiltak.


#### Konklusjon:

Det vert gjeve kommunale retningslinjer for etablering av større tekniske infrastrukturtiltak i området som er synleg frå Urnes stavkyrkje.





Haugmelen – Eikjastrondi med Ornes som stikk ut i fjorden



Haugmelen - Galden



Galden – Molden – Eikjastrondi

## Delområde 11, Nes

**Framlegg til nytt arealføremål:** LNF-omsynssone – Fjernsone 2

**Gjeldande arealføremål:** LNF – og 2 mindre område regulert til bustadføremål

**Noverande bruk av området:** I hovudsak landbruk og 2 bustadområde.

**Areal 1,1 km<sup>2</sup>**

**Skildring av området:**

Nes, er som namnet tilseier, eit framstikkande nes som ligg i skjeringa mellom Lustra- og Gaupnefjorden, med tilsvarande terrengformasjon som Ornes. Ope jordbruksbygd med fleire større gardsbruk og to mindre bustadfelt. Hovudsakleg grasproduksjon og noko bær- og frukt dyrking. RV 55 går gjennom bygda med til dels høg trafikk sumarstid.

Historisk bruk av området:

Nes kyrkje (1836) er soknekyrkje. Tidlegare ei stavkyrkje som truleg var oppsett på 1200-talet og rive i 1835. 2 gravhaugar og 3 gravrøyser innafor eit lite område.



### Verdien av området knytt til verneverdiane og bruksinteressene

Miljø- og samfunnsverdiar	Lokal	Regional	Nasjonal	Merknad:
Landbruk		2		I hovudsak lettdrive fulldyrka jord, noko innmarksbeite øvst mot skogen
Kulturminne-/ landskap			3	Framstikkande nes. 3 gravrøyser og 2 gravhaugar søsr for kyrkja. Båe haugane vert kalla Nesehaugen og Skarhaugen (eller Huldrehaugen),
Naturverdiar:				3 lokalitetar Naturbeitemark innafor området
Rekreasjon/ friluftsliv	1			Tilkomst til fjellområde via skogsveg til stølen Flatningane
Strandsone / vassdrag	1			Strandsone delvis privatisert med naust og moloar



### Omfang av endringar og vurdering av konsekvensar ved sikring av ei verdsarv-buffersone

Tema	Omfang av endring	Konsekvens	Kommentarar:
<b>Miljø:</b>			
Landbruk	0	0	Ingen registrerte endringar
Kulturminne og kulturmiljø	0	+1	Auka fokus på historie og kulturminne kan også verka positivt for dei andre delområda.
Landskap	0	0	Ingen registrerte endringar
Naturmangfald	0	0	Ingen tiltak som kan påverka registrerte lokalitetar naturbeitemark
Friluftsliv og folkehelse	0	0	Ingen tiltak som vil påverka friluftsliv
Strandsone – vassdrag og fjord	0	0	Ingen tiltak som vil påverka vassdrag og strandlinja
Reiseliv og oppleving	+1	0	Auke i besøkstal til reiselivsverksemdar i området
<b>Landskapsinngrep:</b>			
Kraftliner, vindmøller, gruvedrift etc	0	0	Ingen registrerte tiltak som vil påverka verdiane i buffersona

#### Tilhøyrande verdiar:

Det er ingen tilhøyrande verdiar i delområdet.

#### Samla vurdering:

Etablering av ei verdsarv buffersone vil truleg ikkje få innverknad på området. Det er heller ikkje kjent at det føreligg planar om bygging av større infrastrukturtiltak.

#### Konklusjon:

Det er ikkje grunnlag for å gje nye føringar for arealbruk i området.



## Delområde nr 12, Fjorden 2

**Framlegg til nytt arealføremål:** LNF-omsynssone – Fjernsone 2

**Gjeldande arealføremål:** LNF

**Noverande bruk av området:** ferdsel, fiske, friluftsliv, låssetjingsplassar

**Areal xx km<sup>2</sup>**

**Skildring av området:**

Strekning på 20,5 km frå Kvarven – Ornes – Nes. Strekninga Kvarven – Ornes er 11,3 km


Historisk bruk av området:

Lustrafjorden har vore brukt til ferdsel og fiske i uminnelege tider. Før køyrevegane kom langs fjorden var båten det sentrale framkomstmiddelet for dei som budde langs fjorden. Folk rodde på arbeid, på besøk, for transport av varer etc. i dag er det ferja Solvorn – Ornes og fritidsbåtar som viktigaste trafikken på fjorden.

Langs fjorden ligg det framleis gamle naust – mange i dårleg stand og av desse er mange bygd i stein. Nausta fortel ei historie om den tradisjonelle ferdsla på fjorden.

Tidlegare var det også mykje fiske av m.a. brisling og sild. Men sterk nedgang i fiskebestanden har ført til at reduksjon i fisket. I planområdet er det avsett seks lokalitetar for låssetjing av brisling. Det har vore lite bruk av desse seinare år.

Solvorn har vore den sentrale hamna for både fiske, handel og ferdsel. Ferjeleie til Ornes og tidlegare gjekk det ferje til Årdal via Kroken, Ornes og Kinsedalen.



### Verdien av området knytt til verneverdiene og bruksinteressene

Miljø- og samfunnsverdiar	Lokal	Regional	Nasjonal	Merknad:
Landbruk / fiske		2		4 låssetjingsplassar for brisling: 1 i Kroken, 1 i Kinsedalen og 2 på Nes
Kulturminne-/ landskap			3	Storslått fjordlandskap med Urnes stavkyrkje plassert på eit framskotene nes i fjorden medan strandsitjarstaden Solvorn ligg plassert inn i ei bukt.
Naturverdiar				Lange strekningar av ubebygd strandsone, inngrepsfrie vassdrag / elvemunningar
Rekreasjon/ friluftsliv		3		Fjordområdet er viktig for rekreasjon og friluftsliv. Registrert badeområde i Kinsedalen i strandsoneanalyse frå 2005. Utover dette er det lokal småbåtrafikk. Det er lite båtrafikk frå ytre område delvis pga manglande gjestehamner med fasilitetar.
Strandsone / vassdrag		2		Grunna landskap og terrengformasjonar er det avgrensa muligheter for utbygging i strandsona. Dette gjer at ein i området har lengre strekningar med urørt strandsone. Gjeld frå Ornes / Kinsedalen og utover.

### Omfang av endringar og vurdering av konsekvensar ved sikring av ei verdsarv-buffersone

Tema	Omfang av endring	Konsekvens	Kommentarar:
<b>Miljø:</b>			
Landbruk	0	0	
Kulturminne og kulturmiljø	0	0	
Landskap	0	0	Uvisst kva slags endringar av navigasjonsanlegg for skipsfart og kva dei evt kan føra til endringar av landskapet
Naturmangfald	0	0	
Friluftsliv og folkehelse	0	0	
Strandsone – vassdrag og fjord	0	0	
Reiseliv og oppleving	0	0	Auke i besøk og med påfølgjande auke i tilrettelegging.
<b>Landskapsinngrep:</b>			
Kraftliner, vindmøller, gruvedrift etc	0	0	

#### Tilhøyrande verdiar i delområdet:

##### Støttande verdi

- Sognefjorden / Fjordlandskapet

#### Samla vurdering:

Det er for tida ikkje nokon situasjon som tilseier vesentleg auka aktivitet i fjordområdet eller tekniske inngrep knytt til fjorden.

Auke i besøkstalet til verdsarven kan føra til auka press på strandlina i form av utbyggingar og tilretteleggingar. Bygging av cruisehamn i Skjolden for vel 10 år sia har likevel ikkje ført til vesentleg auke i skipstrafikken i fjordområdet då talet anløp er relativt lågt. Det er no uvisst korleis dette vil utvikla seg etter pandemien er over.

Tradisjonell silde- og brislingfiske er i dag lågt og det er uvisst korleis det vil utvikla seg framover.

Kystverket har i innspel til planen meldt om at dei har rett til å etablere, vedlikehalda og fjerna anlegg til bruk av navigasjonsinstallasjonar som skal tena ferdsel til sjøs (navigasjonsanlegg), utan at dette er spesifisert nærare.

#### **Konklusjon:**

Kystverket sin rett til å etablere, vedlikehalda og fjerna anlegg knytt til navigasjonsanlegg vert lagt inn i føresegnene:

#### Kap 1.5.3 Navigasjonsinstallasjonar (Ny)

Sosikode 2045


Gjeld navigasjonsanlegg.

Innafor 100-metersbeltet langs sjøen kan Kystverket jfr PLBL § 1-8 4. ledd etablere, vedlikehalda og fjerna anlegg til bruk av navigasjonsinstallasjonar som skal tena ferdsel til sjøs (navigasjonsanlegg). Tiltaket skal meldast til Luster kommune.


Heimel: PLBL § 11-11 nr.

#### Retningslinjer:

Innafor delområdet bør det ikkje gjevast løyve til tiltak som kraftoverføringslinjer og andre store tiltak / anlegg som dominerer landskapet eller endrar horisontlinjene.



Nes – Kvarven – sett frå vest



Frå Kvarven til Nes – sett frå aust



Nes – Ornes – sett frå vest



Ornes – Kvarven, – sett frå vest. Solvorn nedst i midten

